

---

Saknr: 2020/46327-5  
Saksbehandlar: Nils Egil Vetlesand

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		
Fylkestinget		09.06.2020

**Årsmelding Hordaland fylkeskommune 2019**

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek «Årsmelding 2019 Hordaland fylkeskommune» til orientering.

Samandrag

Årsmeldinga gjev oversyn over Hordaland fylkeskommune sin aktivitet gjennom året og rekneskapen for 2019.

Året 2019 var prega av at det var det siste driftsåret for Hordaland fylkeskommune samstundes som mykje av arbeidet var knytt til oppstarten av Vestland fylkeskommune frå 1. januar 2020.

Driftsrekneskapen for 2019 vart gjort opp med eit overskot på 111,3 mill. kr. Dette er oppnådd gjennom god økonomistyring i heile organisasjonen, og at skatteinntangen mot slutten av året vart høgare enn budsjettert. Investeringane i 2019 var på om lag 3,4 milliardar kroner.

Netto driftsresultat var på 0,9 % i 2019, ein liten nedgang frå 2018 då det var 1,0 %. Sjølv med eit positivt rekneskapsresultat, står fylkeskommunen framfor ein krevjande økonomisk periode dei kommande åra.

Den samla lånegjelda for Hordaland fylkeskommune var ved utgangen av 2019 på 11,3 milliardar kroner, ein auke på ca. 600 millionar kroner frå 2018.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
Fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

Vedlegg

1 Årsmelding Hordaland fylkeskommune 2019

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Årsmeldinga for Hordaland fylkeskommune for 2019 gjev eit samla økonomisk oversyn over drift og investeringar og utfyllande omtale av aktivitetar i kvar sektor.

Driftsrekneskapen for 2019 vart gjort opp med eit overskot på 111,3 mill. kr. Dette er oppnådd gjennom betre skatteinngang enn budsjettert og stram økonomistyring i heile organisasjonen. Skatteinntektene auka med 6,3 % i høve til 2018, for fylkeskommunane samla auka skatteinngangen med 5,1 %.

Driftsutgiftene auka med 4 % frå 2018 til 2019. Hordaland fylkeskommune sine samla brutto driftsutgifter i 2019 var på 8 838,0 mill. kr. Driftsinntektene auka med 3,7 % til 9 742,4 mill. kr.

Til avdrag på lån brukte fylkeskommunen 621 mill. kr i 2019 og netto renteutgifter var på 191,9 mill. kr. Begge summene er om lag som året før.

Netto driftsresultat var også praktisk talt det same i 2019 som i 2018, vel 90 mill. kr begge åra. Summen utgjør om lag 1 % av driftsinntektene, medan tilrådd nivå er på 4 %. Førebels tal for alle fylkeskommunane viser ein nedgang frå 3,8 % til 2,6 % frå 2018 til 2019.

Det systematiske arbeidet fylkeskommunen gjennom mange år har gjort for å ha god økonomistyring og snu negativ driftsutvikling der det har vore nødvendig, viser tydeleg att også i 2019-rekneskapen. Gjennomgåande i organisasjonen er det godt samsvar mellom forbruk og tildelt budsjett.

Fylkeskommunen investerte i 2019 for 3 382 mill. kr. Investeringane auka med ca. 550 mill. kr frå 2018. Det er samferdsel som har auka, medan opplæring har gått noko ned. Sjølv om investeringane innan samferdsel auka i 2019, låg ein langt etter det som var føresett i budsjettet. Forbruket var 824,5 mill. kr lågare enn budsjettert. Det vart brukt mindre enn budsjettert både til bybaneutbygging, veginvesteringar og ladeanlegg på ferjekaiar.

I 2019 vart 2 869 mill. kr brukte til samferdselsføremål og 413 mill. kr innan opplæringssektoren.

Investeringar i vegar utgjorde 1 181 mill. kr og bybaneutbygging 1 420 mill. kr. Det vart investert 135 mill. kr i ladeanlegg på ferjekaiar.

Det største skuleprosjektet var vidaregåande skule i Åsane med 238 mill. kr. Til nytt administrasjonsbygg gjekk det med 50 mill. kr.

Lån var største finansieringskjelde for investeringane med 1 090 mill. kr. Bompengar utgjorde 990 mill. kr. Ved siste årsskifte hadde fylkeskommunen si gjeld passert 11,3 mrd. kr.

Ved utgangen av 2019 hadde Hordaland fylkeskommune disposisjonsfond på 267 mill. kr, noko ned frå 342 mill. kr året før.

I 2019 vart det utført 3 903 årsverk i fylkeskommunen, vel 70 færre enn året før. Ca. 60 % av reduksjonen kom innan opplæringssektoren der talet på klassar og elevar har gått noko ned.

### Tydelegare kopling budsjett og resultat

I arbeidet med å tilpasse aktivitetsnivået til dei økonomiske rammene, har fylkesrådmannen dei siste åra lagt vekt på å sikra ei tydelegare kopling mellom budsjett og resultat gjennom ein overordna modell for målstyring. Modellen tek utgangspunkt i verksemdstrategien, som er tufta på regional planstrategi for utvikling av Hordaland dei kommande åra. Første versjon av denne modellen gjekk fram av årsmeldinga for 2017 og er følgt opp i meldingane for 2018 og 2019. Kvar avdeling rapporterer oppnådde resultat i høve dei aktivitetane som vart prioriterte i budsjettet for 2019.

### Aktivitetar og resultat 2019

2019 var eit særst aktivt arbeidsår for Hordaland fylkeskommune. Året var prega av at det var det siste driftsåret for Hordaland fylkeskommune samstundes som arbeid knytt til oppstarten av Vestland fylkeskommune frå 1. januar 2020 krov stor innsats. Eit stort førebuingsarbeid måtte gjerast - samstundes med at den løpande drifta skulle gjennomførast på ein god og forsvarleg måte. Mot slutten av fjoråret måtte også ressursar og innsats setjast inn for å gjennomføra flytting av fylkesadministrasjonen frå sentrum til Sandsli ved årsskiftet. Fram til nytt fylkeshus står klart i sentrum om knapt tre år, vert mellombels base på Sandsli.

For å illustrera innsats og resultat vil fylkesrådmannen her kort trekkja fram nokre moment i årsmeldinga:

- 2019 vart eit rekordår for kollektivtrafikken med 79 millionar reisande og ein vekst frå 2018 på seks prosent.
- Tal påstigande med buss, bane og båt har auka med ca. 9 millionar frå 2017 til 2019.
- Stadig fleire reiser med Bybanen. Tal påstigande var 18,7 millionar i 2019.
- Eit framforhandla utkast til Byvekstavtale for 2019-2029 mellom Staten, kommunane Bergen, Alver, Askøy, Øygarden og Bjørnefjorden kommunar og Vestland fylkeskommune vart signert 4. desember 2019. Endeleg godkjenning kjem i 2020.
- Fleire ut i lære: Talet på lærlingar auka til 4 980 i 2019, 215 fleire enn i 2018.
- Talet på elevar ved fylkeskommunen sine vidaregåande skular i 2019 var 17 172, ein nedgang på 490.
- Det første store solcelleprosjektet ved eit fylkeskommunalt bygg vart ferdig. På taket ved Arna vidaregåande skule er montert 560 solceller som skal gje ein årleg produksjon på 108 700 kWh.
- 
- Klimagassutsleppa frå kollektivtrafikken gjekk ned med åtte prosent samanlikna med 2018. Utsleppa vil gå ned endå meir dei komande i samband med at nye ferjer og bussar vert tekne i bruk i stort omfang. I 2019 stod kollektivtrafikken for 98 % av klimagassutsleppa frå fylkeskommunen.
- Fylkeskommunen fordelte 131 mill. kr til næringsutvikling i 2019.
- Til kulturminnevern inkludert museum brukte fylkeskommunen 103 mill. kr.
- To nye tannklinikkar, Øygarden tannklinikk og Arna tannklinikk, vart opna.
- Tannhelsa til barn og unge frå 12 til 18 år viste klar forbetring.
- Sjukefråværet i fylkeskommunen var på 6,1 %, ein liten auke frå 5,8 % i 2018.
- 59 % av dei tilsette i fylkeskommunen er kvinner. Kvinnedelen er høgast i tannhelsetenesta med 91 %. Av IT-konsulentane i skule er 91 % menn.
- Deltakinga i valet til fylkestinget for Vestland fylkeskommune var på 63,7 %, høgast av alle fylka. Dei 65 representantane fordeler seg på 37 menn og 28 kvinner.
- Det konstituerande fylkestinget for Vestland vart halde 15.-16. oktober 2019 i Bergen med historisk markering i Håkonshallen 15. oktober.
- Det siste møtet i Hordaland fylkesting, 181 år etter det første sommaren 1838, vart halde i Bergen 1. oktober 2019. Avsluttinga for perioden 2015-2019 vart halden i Håkonshallen 10. desember.

For andre resultat og omtale av viktige aktivitetar i Hordaland fylkeskommune viser fylkesrådmannen til den fullstendige årsmeldinga som er lagt ved denne saka. Årsrekneskapa for 2019 med revisjonsmelding vert lagt fram i eiga sak til fylkestinget i juni.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ingen effekt. Det vert ikkje gjort framlegg om endringar i høve til vedteke budsjett

**Klima:** Årsmeldinga føreligg elektronisk, vert berre trykt i nokre få eksemplar.

**Folkehelse:** Ingen effekt

**Regional planstrategi:** Ingen effekt

Om årsmeldinga

I samsvar med Kommunelova § 14-7. var Hordaland fylkeskommune si årsmelding for 2019 klar og oversendt til kontrollutvalet (sekretariat og revisjon) innan fristen 31. mars.

Fylkeskommunen si årsmelding for 2019 føreligg berre elektronisk, som pdf-fil (vedlagt), og ho kan lesast på nettsidene til Vestland fylkeskommune.